



Familien Arnesen under sykkelrebusen i fjor. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Laurdag ettermiddag er tida inne for eit arrangement som snart har vorte ein klassikar: Sykkelrebusen rundt dalen.

I år er det fotballgruppa som har ansvaret.



Kø på ein post under sykkelrebusen for 2 år sidan. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Leiar Jostein Hauso opplyser at påmeldinga skjer mellom klokka 14 og 15 og at dei planlegg å vera ferdig rundt klokka 16.

Det vert premiering av dei 3 beste laga og det vert sal av mat. Det er sett opp plakatar om arrangementet på Sanden, skulen og bensinstasjonen.

Sykelrebusen er populær. I fjor var 20 lag eller enkeltpersonar med trass i nokre regndusjar og dermed fekk rundt 60 deltakarar trim både av kroppen og hovudet. Dei fleste sykla, men det var også nokre som gjekk runden.

Rebusane plar vera både spennande, krevjande og morosame og slik er det nok også i år. I fjor var dei også så allsidige at dei fanga interessa til heile familien og var totalt sett akkurat passe vanskelege. Åtte av laga gjekk gjennom tevlinga utan miss.

Av Ola Matti Mathisen